

Vedlegg 2 Nye retningslinjer for valnemnd:

Retningslinjer for valnemnd til generalforsamling i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Innleiing

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er ein børsnotert forretningsbank med hovudkontor på Voss. Banken sin strategi er å vera ein sjølvstendig bank med spreidd eigarskap og sterk lokal forankring i tråd med tradisjonane i meir enn 115 år.

I samsvar med banken sine vedtekter skal valnemnd for generalforsamlinga gjera framlegg om styreleiar og nestleiar samt medlemmer og varamedlemmer til banken sitt styre. Dei tilsette sine representantar i styret skal veljast av og blant dei tilsette, og er ikkje ein del av valnemnda si oppgåve. Vidare skal nemnda kome med framlegg på ny valnemnd.

Valnemnda skal ved framlegg på kandidatar til ulike verv leggja særleg vekt på at kandidatane har god forståing for oppgåvene, at kandidatane er kvalifiserte og at dei ynskjer å halda fast på Vekselbanken sin eigenart og strategi.

1. Sakshandsamingsreglar for nemnda

- 1.1. Administrasjonen kallar valnemnda inn til eit oppstartmøte innan 15. januar kvart år for å setja nemnda i arbeid, og gje melding om når nemnda si innstilling må vera klar.
- 1.2. Varamedlem er fast møtande med tale- og forslagsrett i valnemnda.
- 1.3. Administrasjonen peiker ut sekretær for valnemnda.
- 1.4. For at valnemnda skal kunne vurdere krava til kompetanse og om foreslegne kandidatar er skikka og kan veljast i samsvar med lover, føresegner og retningslinjer, må framlegg frå aksjonæranne på styremedlemmer vera valnemnda i hende seinast 1. februar det året ordinær generalforsamling skal haldast.
- 1.5. Valnemnda skal utføra sine oppgåver i tråd med "Norsk anbefaling om selskapsstyring og selskapsledelse (NEUS)" samt relevante lov- og forskriftsreglar.
- 1.6. Andre møte i valnemnda vert haldne etter innkalling frå nemnda sin leiar. Kvart enkelt medlem av valnemnda kan krevja at det vert innkalla til møte med handsaming av konkrete saker oppgjeve ved innkalling.
- 1.7. Innkallinga til møte skal innehalda tid og stad. Medlemmer som ikkje kan møta, skal straks gje leiar i nemnda melding om dette.
- 1.8. Leiar i valnemnda vurderer om det skal haldast fysisk møte, eller om møte kan haldast på anna måte, til dømes som telefonmøte. Om eit av medlemmene i valnemnda krev det, skal det haldast fysisk møte.
- 1.9. I sitt arbeid kan valnemnda kontakta styret sine medlemmer, banken sin administrasjon og/eller andre etter eige ynskje/behov. Styreleiar og banksjef skal, utan røysterett, innkallast til minst eit møte i valnemnda før valnemnda gjev si endelege innstilling.
- 1.10. Det skal førast protokoll frå møta i valnemnda, som skal underskrivast av dei som var til stades. Protokollen skal førast av oppnemnd sekretær for nemnda.
- 1.11. Ved utarbeiding av framlegg, skal heile valnemnda skriva under innstillinga.
- 1.12. Innstilte kandidatar skal vera førespurd om dei er viljuge til å ta på seg slikt verv, og at dei har tid til vervet. Kandidatar som vert førespurd skal kontrollerast opp mot reglane i banken sin instruks for «egnethet», og skal informerast om omfang og ansvar samt rettar og plikter ved vervet.
- 1.13. Valnemnda si innstilling skal grunngjevast, og skal innehalda relevant informasjon om kandidatane. Relevant informasjon er blant anna: namn, alder, adresse, formell kompetanse/realkompetanse, opplysningar om eventuell tilknytning til banken og andre

vesentlege tillitsverv. Valnemnda i banken skal informera dei føreslegne kandidatane om at tillitsvervet er eit personleg verv med personleg ansvar.

- 1.14. Er valnemnda ikkje samd, skal eventuelle dissensar gå fram av innstillinga. Dersom mindretalet i valnemnda ynskjer å føreslå egne kandidatar, skal dette gå fram av innstillinga.

2. Godtgjersle

- 2.1. Generalforsamlinga i banken fastset godtgjersle til medlemene i valnemnda etter innstilling frå styret i banken. Påkomne kostnader for valnemnda vert betalt av banken.

3. Valnemnda sine oppgåver

- 3.1. Valnemnda skal førebu og fremje forslag til dei vala som går fram av banken sine vedtekter § 4-1 og § 4-2.
- 3.2. Ved framlegg på kandidatar til banken sitt styre skal valnemnda sjå til at styret får ei samansetjing som gjer dei i stand til å styra banken på ein god og "hensiktsmessig" måte. Styret skal ha ei samansetning slik at dei samla oppfyller krava til kompetanse i tråd med Finansføretakslova, Allmennaksjelova og forskriftene til desse. Vidare skal styret ha ei samansetning som oppfyller krava til balanse mellom kjønna i tråd med Allmennaksjelova § 6-11a, og vera uavhengige i forhold til banken sin administrasjon. Valde styremedlemmer skal oppfylle krava til «skikketheit» i tråd med instruks for «Egnethetsvurdering» av tilsette / tillitsvalde i Vekselbanken.
- 3.3. Valnemnda skal syta for utfylte skjema med personopplysningar saman med opplysningar om formell og real kompetanse på føreslegne kandidatar. Skjema vert oppbevarte i banken.

4. Handsaming av valnemnda si innstilling

- 4.1. Valnemnda si innstilling skal sendast ut eller offentleggjerast saman med innkalling til generalforsamlinga.
- 4.2. Leiar i valnemnda, eller den som valnemnda peiker ut, skal på generalforsamlinga presentera valnemnda si innstilling saman med oversyn over valnemnda sitt arbeid og grunngjeving for innstillinga.

5. Reglar for innstilling til styre.

- 5.1. Styret sin leiar og nestleiar skal veljast separat. Valnemnda skal difor fremja forslag på desse før resten av kandidatane til styret vert fremja.
- 5.2. Innstilling på varamedlemer skal vera i prioritert rekkefylgje.
- 5.3. Valnemnda er kjend med lovreglane om at styre i allmennaksjeselskap skal ha ei styresamansetjing som gjer at begge kjønn er representert med minimum 40%, og gje si innstilling i tråd med desse reglane.
- 5.4. Valnemnda er kjend med reglane i lover og forskrifter om revisjons- og risikoutval, og reglane der som presiserar kva slags kompetanse desse utvala må ha.

6. Reglar for innstilling til ny valnemnd for generalforsamlinga.

- 6.1. Valnemnda for generalforsamlinga skal koma med framlegg på leiar, to medlemer og eitt fast møtande varamedlem til ny valnemnd.
- 6.2. Valnemnd vert vald for 1 år om gongen.
- 6.3. Medlemer i valnemnda kan som hovudregel ikkje attveljast etter 8 år. Det er likevel viktig at kontinuiteten i valnemnda vert ivareteken.
- 6.4. For å sikra at intensjonen om å oppretthalda Vekselbanken sin eigenart og sjølvstende i tråd med banken sin strategi og formål skal valnemnda ved framlegg på kandidatar til ny valnemnd leggja vekt på å gjera framlegg på kandidatar som kjenner banken og vil oppretthalda banken sin strategi om å vera ein sjølvstendig bank.